



Ulla Skulehus *Haramsøy*
Skjørt 11. april 2009 *Bygd i 1886*

Skipingsmøte Ulla Skulehus 11. april 2009 kl 1300

Møtestad: Ulla Skulehus

Frammøtte:

Peder Ulla, Knut Hallvard Ulla, Anita M. Ulla, Steinar Åkre, Grete Åkre, Aud Aasebø, Leiv Ståle Aasebø, Petter Tomren, Herbjørg Åkre Longva, Einar Longva, Helle Ingelsrud, Erik Ingelsrud, Kirsti Ulla Ingelsrud, Harald Myren, Stig Fjørtoft, Lars Ulla, Kirsti L. Ulla, Astrid Ullahamar, Kenneth Ulla, Jarle Åkre, Kirsti Ullahamar, Grethe Flem Ulla, Hildegunn Ulla, Åsmund Ulla, Eili Verpeide, Hogne Ulla, Anna Farstad, Elfrid Kleive, Klara Ulla, Åse Otterholm, Jane Tangen Ulla, Ottar Ulla, Birger Tomren, Perry Søvik.

Til saman 36 personar.

Sakliste

1. Litt historie
2. Orientering om bakgrunn for saka
3. Lysbilde
4. Namn og logo
5. Vedtekter
6. Medlemskontingent og verving av medlemmer
7. Val av styre
8. Profilering
9. Økonomi
10. Planar framover - kva må gjerast?

1. Innleiing ved Knut.

2. Orientering om bakgrunn for saka

Knut takka medhjelparar Anita, Grethe og Peder

Opningssong: "*Mellom bakkar og berg*" akkompagnert av Einar Longva på trekkspel (god akustikk)

Ingen kommentar til innkallinga.

Forslag til bruksområde for skulen vart nemnt.

Gjennomgong sakliste- OK

Historisk gjennomgong Ulla Skulehus ved Knut.

3. Lysbilete

4. Logo- Ulla Skulehus (i løkkeskrift)

5. Vedtekter

Festeavtalen for Ulla Skulehus er utgått og arbeidet med å få til ein ny avtale er i god gang. Skulen ligg på Jo-jorda, uteområdet også på Negards-jorda og tilkomst på Lars-jorda (viser til kart). Det er viktig at dette er i orden så snart som mogeleg.



Ulla Skulehus *Haramsøy*
Skjørt 11. april 2009 *Bygd i 1886*

Framlegg til vedtekter (som skulle bankast med elektriskgjerde-handtak):

§ 1 – Banka

§ 2 Banka

§ 3 – Lars Ulla har forslag til samordning av punkt 3 og 8, slik at endeleg sakliste vert å sende ut etter at punkt 8 er oppfylt – altså etter at forslag til årsmøtesaker har kome inn. Dette vart banka.

§ 4 – Banka

§ 5 – Banka

6. Medlemskontingent og verving av medlemmer

Forslaget om at vi skal ha personlege medlemmar vart vedtatt, likeeins forslaget om at årskontingenen skulle vere kr 300 for vaksne medlemmar. Dette er ei vanskeleg avveging, for vi ynskjer mange medlemmar samstundes som vi må få inn midlar til å sette skulen i stand.

Lars Ulla ville diskutere om vi skulle ha lågare kontingent for ungar.

Harald Myren foreslo kr 100 for born opp til fylte 16 år, og dette vart banka.

Medlemskontingent 2009-2010

Vaksen (frå og med fylte 16 år) kr 300

Born (inntil fylte 16 år) kr 100

Innbetaling over internett eller på bankgiro.

7. Val av styre; Desse vart valt ved akklamasjon

Knut Hallvard Ulla

Grethe Flem Ulla

Peder Ulla

Styret vil konstituere seg seinare i dag.

8. Profilering

Ullanett vert brukt som internettseite. Det ligg ei Ulla Skulehus-lenke på framsida.

Medlemsliste vert lagt ut på Ullanett-sida.

Styret får løyve til ordne toppteksten med logoen.

Skilt på Ulla Skulehus- Birger Tomren vil ordne med det.

9. Økonomi

Søknad om støtte. Knut har allereie søkt Kulturminnefondet og vil sende søknadar til Sparebanken Møre, Tine, Gjensidige, Innovasjon Norge osv.



Ulla Skulehus *Haramsøy*
Skipsa 11. april 2009 *Bygd i 1886*

10. Planar framover

Planar framover: Det vart diskutert kva som måtte gjerast først. Steinar Åkre er kyndig på dette feltet og skal kome med rådgiving.

Lidvar Ulla har kome med forslag om at ein samlar inn ting som høyrer skulen til.

Det må nemnast at vi hadde matfriminutt med kaker og kaffi og praten gjekk lett. Fleire ga uttrykk for at dei synest dette var eit godt tiltak. No gler vi oss til fortsettelsen.

Avslutningssong: "*Det går ein dans på Haramsøy*" med Einar som akkompagnatør.

Avslutning: kl 1445

Peder Ulla

Referent